

KYRKJEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 141

Kjem ut
kvar månad

Oktober 1942

Utgjevar og redaktør:
Prost Slaattelid
Davik

13. årg.

Bøn for fedrelandet.

Legg armen din om Noreg,
den jord som alltid var oss god
og gav oss glad sitt rike liv
og varme hjarteblod.

Legg armen din om Noreg,
sign kvar ein stor og liten heim
og mor og far som strevar der
og kvart eit barn kring deim.

Legg armen din om Noreg,
alt det vi kallar fedreland,
så tett og trygt som berre Du
og ingen annan kan.

Kåre Bjørgen.

Under Guds straffedomar.

Der står i 2. Sam. 24, 17: Men då David fekk sjå engelen som herja mellom folket, tala han så til Herren: Det er då eg som har synda, det er eg som har fare rangt åt.

Når Guds straffedom kjem over menneskja, gjeld det om å ta imot dei på den rette måten, dvs. med eit botferdig hjarta. Ein må ta skulda på seg sjølv og audmjukt prøva å verta betre ved alt det som hender. David er vårt store føredøme og eksempel på bot i det heile, og likeeins på korleis ein på rette måten skal ta imot Guds strenge refsingar.

Då den Allmechtige Gud som eit teikn på at han nådig tok imot Davids anger, sende bod ved profeten og gav han lov til sjølv å velja korleis han og folket skulde straffast, om det skulde vera ved sverd eller pest eller hungersnaud, då vilde ikkje David velja, men overlet det til Herren og sa: »Lat oss falla i Herrens hand, for hans miskunn er stor, men i mannehender er eg ikkje huga å falla.« Dette var eit teikn på sann anger, at han var viljug til heilt å gjeva seg over til Guds vilje, fordi han ikkje tvila på hans kjærleik. Han visste at Gud var hans milde fader og han var viss på at Gud vilde laga det betre for han enn han sjølv kunde gjera det. Det

vilde vera godt for oss å tenkja vel over dette, for den tida kjem før eller seinare, då vi sjølv får kjenna Guds faderlege hand over oss i ei eller onnor refsing. Dersom vi då i sanning er botferdige, vil ikkje vi gjera krav på å velja. Vi skal vera sikre på at nettopp den trengsla som vi er i, er den gagnlegaste for oss. Vi skal ikkje ta det altfor tungt eller verta altfor mismodige, om ho ligg hardt og lenge på oss, men vi skal ta imot den som ei rettferdig straff for vår eiga synd. Såleis var det med den gamle Eli som hadde synda ved å vera altfor ettergjevande med borna sine, og då Gud så straffa han nettopp der det var tyngst for han ved å la desse borna døy, så bøygde han seg audmjukt og sa: »Han er Herren, han gjere det som er godt i hans augo.«

Eit anna merke på ein sann botferdig er, at når Guds straffedomar kjem, skal ein sjå Guds hand i dei og ikkje, som verdslege menneske gjerne vil gjera, tilskriv dei eit tilfelle eller andre menneske eller reint naturlege hendingar. Tenk på dette tilfelle med David. Her rasar pest i heile Israel, folket døyr i tusenvis, sytti tusen på tre dagar, og den ser ut til å nærma seg Jerusalem. Dei andre er forferda over denne fælslege ulukka som er koma over dei. Dei søkjer etter grunnane. Er det noko i lufta som gjer det, eller i drikkevatnet? Eller er ein ikkje nok varsam mot smitten? Som om slikt var forklåring nok. Men David veit mykje meir enn dette. Han ser Herrens engel stå over Jerusalem med eit nake sverd i handa. — Herren gjev trua augo til å sjå, så den ser hans tenande ånder der det kjøtelege auga berre ser naturlege hendingar. Dei vantru åskoderane meinte at Herodes Agrippa berre var slegen av ein hard verk og sjukdom, men dei kristne visste at det var Herrens engel som slo han.

Men vidare: Blant dei som er så mykje kristelege at dei ser Guds hand i dei store ulukkene og i dei finn Guds straffedomar, er det altfor mange som slett ikkje vil vedgå at dei sjølve har sin del av skulda for desse refsingar. Svært få er viljuge til å ropa ut med David: »Eg har synda og gjort det som rangt er.« — David, kan vi tenkja oss, hadde hjarta fullt av såre minne, ikkje berre om denne siste synd eller feil at han vilde telja folket, men og om alle sine tidlegare synder, serleg dei verste av alle, då han tok kona åt Urias og fekk denne sjølv drepen. Alt dette velte seg inn over han og bøygde han i støvet for Gud. Det stod berre alifor klårt for han at alle desse trengslene som no råka Guds folk, var eller kunde vera straffa for hans eigne misgjerningar. Det var å ynskja at alle syndarar vilde syna det same merke på sann bot når tunge straffedomar kjem over landet eller bygda deira. Måtte vi alle seia til oss sjølve: Her kjem kanhenda hunger eller pest eller krig, og tusen vil verta slegne ned eller gjort elendige, og kven veit kor mykje eg sjølv har andsvaret for denne store ulukka? Dersom eg har livt med vitende og vilje, om berre i ei einaste synd, kven veit kor langt dette vonde eksempel kan ha gjort sin verknad. Denne eine synda kan ha ført med seg andre, nær meg eller langt borte, løynt eller ope, og kan ha vorte til skade for så mange sjeler at Gud tilslutt måtte senda denne ulukka over landet. Lat oss vakta oss for å døma andre som om vi var betre enn dei. Lat oss heller venda augo mot oss sjølve og tenkja på kor mykje vi har vore med og samla ihop den sum av synd og skuld som dreg Guds straffedomar ned over vårt land. Lat oss ikkje vera som farisearen og seia: Eg takkar Gud fordi eg ikkje har noko med det å gjera. La oss heller freista å vera lik David og seia i våre hjarto: »Eg har synda og gjort det som rangt er, men desse, kva har dei gjort?« Deira synder er ingenting i samanlikning med mine. Det er lett å skjøna kor skadeleg det vilde vera under ein stor eldebrand eller i storm på havet, om dei som var i fåre berre la skulda over på kvarandre, og kor mykje betre det vilde gå, om kvar enkelt tenkte på sine eigne tidlegare feil og berre gjorde alt det han var i stand

til for å vera til hjelp i den situasjonen som no var. Likeins er det i ei kyrkje eller eit land, når Guds strenge straffedomar kjem. Vi tek imot dei slik som Gud vil, når vi legg skulda for dei på våre eigne synder i staden for å finna ut at andre har all skulda.

Dei trengsler og lidingar Gud sender over folk og rike, er påminningar om den store domedagen. Og liksom alle påminningar set dei oss på prøve. Dei er vendepunkt i vårt liv. Dei er avgjerande for oss til det gode eller det vonde, etter den måten vi tek imot dei på. Dersom vi ikkje vert betre ved dei, så vert vi verre. Gud hjelpe oss til bot, til syndserkjennelse, til tru.

Etter *John Keble*.

Bibelen i fengslet.

Heimkommet fra sibirisk fangenskap til de baltiske land ble dr. teol. **Oskar Schabert** sammen med mange andre prester kastet i fengsel av bolsjevikene. — Han forteller selv derom følgende:

I fengslets kontor var ca. 60 nyarresterte, hvis personlige forhold ble skrevet opp. Det varte lenge før turen kom til meg. Jeg utnyttet tiden med å forelese av Det nye testamente for mine medarresterte. Hvor trengte de seg om denne bok og hørte trøstesalmer og trøsteord, likesom de tørstende ved den russiske kilde! Vakten forbød lesingen.

Jeg ble kalt inn på kontoret og ble underkastet en skamløs visitasjon. Hvor motbydelig det enn var å skulle tåle en sådan, kom dog noe ennu verre. Man fant i min lomme mitt Nytestamente. — Et bestialsk subjekt, sjefen for fengslet, tok det fra meg. Da jeg ikke vilde tillate dette, men sa ham at jeg levde derav, erklærte han med grov stemme at fengslet var en statsbygning, staten tålte ingen religion, og dessuten fremkalte som bekjent Bibelen religiøs sinnsvirring hos leserne. Fengslet skulde ikke bli til en galeanstalt.

Jeg motsatte meg. En alvorlig ordstrid oppsto. Jeg erklærte fast og bestemt at jeg ikke vilde slippe denne bok. Der stod hårdt mot hårdt. Forhånelse av Guds ord og vill trussel på den ene side, og overfor dette en fast tross. Til slutt ble det »sjefen« for langtrukket, og han kastet Det nye testamente

til meg med ordene: »Ta det skitt!« Men nu holdt jeg fast på at han skulde forsyne boken med fengslets stempel for meg, så at jeg kunde få beholde den i fengslet, så den ikke skulde bli tatt fra meg av vekten. Han gjorde det motvillig. Således bærer dette Nytestamente på titelbladet og forskjellige andre steder en lettisk påskrift: »Proletarer i alle land, foren eder! Lettisk rådsrepublikk. Riga guvernementsfengsel.«

Med min rikdom i min lomme ble jeg ført inn i min celle. Her kunde jeg dag etter dag holde andakt for mine medfanger. En jevn russisk mann som ikke forstod et ord tysk, og som derfor ikke kunde delta i vår andakt, ble med sin kjempemessige hårparykk stillet foran dørens »Judas-øye«, kikkhullet i døren, slik at vekten ikke fra gangen kunde se hva der gikk for seg i cellen. Men vi styrket oss ved vår Frelasers ord og vederkveget oss ved Davids salmer, fra hvilke vi fikk det inntrykk at han måtte ha lidt under bolsjevikfiendskap, så godt passet meget på vår stilling.

Like så tydelig ble det for oss i fengslet at Johannes åpenbaring taler om en antikristelig makt der i den gudløse bolsjevisme har sin forløper. Det lykkes tillike nesten daglig å snike seg inn i andre celler og der forkynne bodens og nådens ord for fangene.

Den lille bok, som var den eneste i hele det store fengsel, har opplevd vidunderlige ting. En ingeniør, der kom like inn i cellen fra et forhør, kom direkte hen til meg og sa: »Jeg er dømt. De har et Nytestamente, gi meg det.« — Han leste det, styrket sin sjel og rustet seg til den svære gang. Det varte ikke lenge, så ble han ført bort av vekten og mottok kulen.

Der var jøder i cellen. De bevarte stillhet under de kristnes andakt. De var ganske forbauset over de vidunderlige ord. Den lille bok gikk fra hånd til hånd blant fangene. — Det er ikke underlig at bladene er blitt tilsmusset, og at man på enkelte steder knapt kan lese skriften. — Jeg var den mest søkte mann i fengslet, fordi jeg hadde den største skatt: Det nye testamente og Salmene. — Derfra styrket vi oss i fengslets ensomhet, dertil klamret vi oss hver gang noen av vår midte ble ført til døden.

Å, du underfulle bok i hvilken martyrene

finner vederkvegelse. Johs. 16, 33: »I verden har I trengsel, men vær frimodige, jeg har overvunnet verden.«

(Norsk Mis.tidende).



Våre døde.

14. mai: Ingvald Kristensson Bøen; g. proviantforvalter på Svalbard; f. 1903; døde i utlandet.
 14. mai: Sigvald Martinusson Høiland, ug. arbeidar på Svalbard; f. 1923; døde i utlandet.
 23. juli: Serine Gjertsdr. Storøy, kona til Rasmus Storøy; f. 1872 på Olsbø.
 26. juli: Berta Hansdr. Berge, Nore; ug. tenar; f. 1870 i Lavik; hjartesyjukdom.
 2. aug.: Martine Enoksdr. Skorpen, kona til Simon Skorpen; f. 1878 i Hestevik.
 5. aug.: Barn til Kjell Håkonsson Thuen; f. 1942; hjernehinnebetendelse.
 5. aug.: Barn Herdis Hjalmarstr. Husevåg; f. 1942; medfødd veikskap.
 20. aug.: Ragna Øisdtr. Solheim; ug. hushjelp; f. 1902.
 5. sept.: Ragnhild Kristensdr. Isane; ug. tenar; f. 1862; alderdom.

**Ditt blod for oss på krossen rann,
for syndarar du evig siger vann.
Å Kristus, miskunna oss.**

Notisar.

Døpte: 26. april Hugdeik Olav, f. 18. febr. av f. Reidar Olsson Almenning og k. Astrid Hansdr. (f. Brunsvik). — 26. juli Oddbjørg, f. 17. mai av f. Josef Rasmusson Hammer, Krabbestig, og k. Else (f. Pettersen). — 2. aug. Liv Kari, f. 14. mai av f. Gustav Knutsson Solibakke og k. Amanda Larsdr. (f. Gloføk). — S. d. Oddny Kari, f. 25. mai av f. Karl Kristiansson Elde og k. Eifrid Pedersdr. (f. Drageset). — 5. aug. Herdis, f. 29. juli av f. Hjalmar Kristoffersson Husevåg og k. Annie Johansdr. (f. Abrahamson). 16. aug. Ellef, f. 7. juni av f. August Sivertsson Strand og k. Ragnhild Endresdr. (f. Olsbø). — S. d. Ragna Jorunn, f. 20. juni av f. Hjalmar Rasmusson Storøy og k. Kristianne Johansdr. (f. Olsbø). — 6. sept. Anny Elsa, f. 10. juni av f. John Jonassen Eikås og k. Anni-Aug Eriksdr. (f. Fjellestad).

Ektevigde: 23. august Sverre Rasmusson Maurset og Valborg Kristensdr. Sigdestad. — 19. september Ingebrigt Isaksson Husevåg og Ruth Andreasdr. Husevåg.

Konfirmantar 1942. Rugsund 13. sept.: Audun Olausson Strømnen, Hållvard Samsonsson Strømnen, Martin Kristoffersson Midtbø, Kåre Karlsson Smelvær, Søren Rasmusson Bortneskår, Sigmund Ragnvaldsson Olsbø, Adolf Hansson Risøy, Leif

Pedersson Nygård, Edvard Robertsson Nygård, Ingrid Jonasdr. Lofnes, Tea Ingvaldsdr. Haugland, Oddrun Einarsdr. Hunskaar, Petra Olsdr. Lofnes, Annie Samsonsdr. Strømmen, Hilda Kristensdr. Bortne. — Davik 20. sept.: Inge Rasmussen Daviknes, Kirsten Hansdr. Hamre, Malfrid Olsdr. Ase, Alvhild Paulsdr. Drageset, Hjørdis Rasmusdr. Daviknes. — Alfot 27. sept.: Martin Hansson Bruvold, Rudolf Olsson Skavpøy, Ove Olai-son Kittang (Askevik), Kristi Martinusdr. Sigdestad, Ester Johansdr. Monsen.

Eit tungt syrgjebod kom til Davik i august måned. Gjennom Norges Raude kross fekk ein melding om at Ingvald K. Bøen og systerson hans, Sigvald Høiland, son til Martinus Høiland, døyde 14. mai i år. Dei arbeidde bae på Svalbard og vart førde bort derifrå saman med dei andre norske. Ingvald Bøen let etter seg kone og eit barn; den gamle mor hans lever enno. Martinus Høiland miste ifjor ein son ved eit uakkestilfelle. — Gud gjeve dei syrgjande trøyst og styrke.

Nynorsk salmebok er innført i alle kyrkjene i prestegjeldet og skulde no vera i bruk. Men det er f. t. uråd å få tak i salmebøker. Det er vanske med å få material til innbinding som er grunnen. Ein vert difor nøyde å bruka dei gamle salmebøkene inntil vidare.

I **prestegarden** er no innlagt telefon etter opptak av ordføraren. Det vil vera ein fette ofte når ein har noko å venda seg til presten om. — Eg takkar hjarteleg fordi dette no er ordna.

Sivil registrering av fødslar, brudevigslar og dødsfall skal no innførast etter ei lov av minister-presidenten. Inntil vidare skal slike meldingar sendast til sorenskrivaren i Nordfjord, Naustdal N., altså ikkje lenger til soknepresten. Dødsfall må ein sjølvsgt straks melda til lensmannen som før.

Før 100 år sidan. Døde: 1. okt. 1842. Mons Monssen Isene den Yngre, gårdmann, 34 år. »Druknet. Ikke gjenfunnen.« — 10. okt. Anne Monsdr. Uglen, kårkone, 76 år. — 30. okt. madame Sophie Strøm, født Cappelen, Davik prestegård, 90 år. — Vigde: 14. okt. Ungkarl og Tjenestekarl Jacob Johannessen Hougs, 25½ år, son til Johannes Christensen, og Pige Daarthe Arnesdr. Hougs, 24 år, dotter til Arne Arnesen.

Gudstenester.

Bededag,	30. okt.:	Kjølssdal.
Helgamesse s.	1. nov.:	Rugsund.
23. sund. etter treein.	8. nov.:	Alfot.
24. —>—	15. nov.:	Davik.
25. —>—	22. nov.:	Totland.
1. sund. i advent	29. nov.:	Rugsund.
2. —>—	6. des.:	Alfot.
3. —>—	13. des.:	Davik.
4. —>—	20. des.:	Kjølssdal.
1. joledag,	25. des.:	Davik.
2. —>—	26. des.:	Rugsund.
Sundag etter jol	27. des.:	Totland.
Nyårsdag,	1. jan.:	Alfot.

Utvandra til Amerika. 1899: Nikolai Pedersson Giileshammer, Nikolai Noeson Kjølssdal, Hans Bergesson Dombestein, Andreas Iverson Husevåg, Peder Jørgensson Gjesdal, Andreas Tollefsson Rimstad, Serianne Noesdr. Aimenning, Petrine Torsdr. Nygård. — 1900: Marie Hansdr. Isene, Martine Larsdr. Isene, Bertine Iversdr. Rimstad, Albert Larsson Grindøy, Steffen Steffensson Olsbø, Susanne Larsdr. Grindøy, Marie Larsdr. Leirgulen, Nille Noesdr. Eldevik, Karolus Larsson Homborstad, Jakob Martinusson Lefdal, Jørgine Olsdr. Erviksæter, Elise Rasmusdr. Hamre.

Kvittering for kontingent. Olav Haus, Anna S. Oldeide, T. G., R. Bortneskær, Hans Risøy, T., Isak Ingebrigtsson Husevåg, Johanne Hamre, Karl Hauge, Ingeborg Berle, Kristen Kolsetvik, Hallvard Totland 5 kr. — Edv. Bergesen, Anne Seime, Peder M. Navekvien, Rasmus A. Tytingvåg, Lars A. Tytingvåg, Sivert Ramsevik, Karl Nygård, Jens Øvrebø 2 kr. — Dorteia Rødhjelle, Hans Sørvik, Marie Ramsevik, Ingebrigt Oldeide, Edv. Tytingvåg, Nils Nyborg, Einar Hunskaar, Kristine Bakke, Anders Eldevik, Karoline M. Vik, Knut Horn, Kristen Ytrehaug, Didrik Hessevik, Einar Brekke 3 kr. — Andreas Blindheimsvik 1.50. — Albert Øvrebø 1. — Kristofer Midtbø, Robert Nygård, Marie Berge 4. — Mons Totland 10. — Lars Ytreide, Alfred Angelshaug 2.50. — M. T. 16. — Til saman kr. 163.50.

Hjarteleg takk til alle.

En kunstners avskjedshilsen.

»Vær ikke bedrøvet, Gud er den første som tar imot meg. Jeg vil gjerne dø nu. Og så må dere være snille og gode mot hverandre og mot alle mennesker. Især skal dere tenke på de fattige og dem som har det ondt! Vær snille mot dem som er slemme mot dere! Husk, de har det ondt alle som ikke er snille, — som det ikke faller naturlig å være god; de har det ondt!

Vær snille mot hundene våre, mot alle dyr! Så skal dere hilse alle Eggedølene og si dem hvor gla jeg er i dem! Hvor snille de har vært alle disse årene! Si, jeg har så meget vakkert å takke dem for!»

Så lød Chr. Skredsvigs avskjedshilsen.

Man har regnet ut

at der i vår bibel står uttrykket: »Frykt ikke!« ialt 365 ganger. Der er ett for hver dag i året. Det er mer enn et regnestykke, for det er en virkelighet, opplevet av de skiftende slekter, at det er godt hver dag å være gjemt i Guds vingers skygge, hvor frykt forvandles til fred, som er mer enn englevakt.